

REKNESKAPSUTTREKK APRIL 2025

Tala byggjer på eit uttrekk frå rekneskapssystemet og er ikkje direkte samanliknbare med det som framkjem i dei offisielle tertial- og årsrapportane. Tala er ikkje delt ut i tid (periodisert). Dette har innverknad på viktige tal som til dømes renteutgifter og avdrag som forfell til ulike tidspunkt i løpet av året. Andre postar som avskrivningar og nokre pensjonsføringar, skjer berre i samband med årsoppgjeret

Tala per april 2025 er samanlikna med tilsvarande periode i 2024 og 2023, for å synleggjera utviklinga over tid.

Rekneskapsuttrekk 14.05.2025

KONTOGRUPPE (MNOK)	REK 2023/04	REK 2024/04	REK 2025/04	Endr 2024/04	Endr 2025/04	Endr 2024/04	Endr 2025/04
Rammetilskot	-123	-135	-142	-12	-7	10 %	5 %
Skatteinntekter	-83	-87	-95	-4	-8	5 %	9 %
Eigedomsskatt	-21	-20	-21	1	-1	-6 %	5 %
Salsinntekter	-42	-39	-41	3	-2	-8 %	6 %
Andre driftsinntekter	-28	-24	-24	4	0	-13 %	0 %
SUM INNTEKTER	-297	-305	-323	-8	-18	3 %	6 %
Lønn, sosiale utgifter	206	228	242	22	14	11 %	6 %
Pensjon	23	36	39	13	2	56 %	6 %
Kjøp av varer og tenester	88	86	93	-3	7	-3 %	8 %
Andre driftsutgifter	17	19	19	2	0	9 %	2 %
SUM UTGIFTER	335	369	392	34	24	10 %	6 %
Netto kraftinntekter	-45	-36	-33	9	2	-20 %	-7 %
Netto renteutgifter	14	23	26	9	3	65 %	12 %
SUM UTVALDE POSTAR	-31	-13	-8	18	5	-58 %	-40 %
TOTALT	7	51	62	45	10	674 %	20 %

Hovudbiletet viser at drifta i kommunen er langt frå i balanse, og at driftsutgiftene overstig inntektene kommunen har, og veks per periode 04 meir enn inntektene. Resultata for kraft og netto renteutgifter viser så lang også ei resultatforverring. Det er få innsparingstiltak som har effekt endå, og det er omfattande endringar som må til på kort tid, for å få økonomien i balanse før fondsmidlane er brukt opp.

Nokre kommentarar til enkeltpostar:

I 2025 er det gjort endringar i utrekninga av kommunen sin andel av skatteinntektene. Dette skal gjera tala meir føreseielege, men påverkar storleiken på tala og vanskeleggjer samanlikning med tidlegare år. Tidlegare inngjekk utbytte i skattegrunnlaget til

kommunane, noko som medførte at ein større del av skatteinntektene til kommunane kom på slutten av året.

Satsane på eigedomsskatt for bustad og fritidsbustad har vore endra. I 2024 vart botnfrådraget auka frå kr 300 000 til kr 350 000, dette fører til ei nedgang i inntekta. I 2025 vart skattesatsen auka frå 3,0 til 3,3 promille, som medverkar til inntektsauken hittil i år.

For næringseigedommar har satsen vore uendra på 7,0 promille. Her har det også vore ei nedgang i 2024 og ein auke hittil i 2025. Hovudforklaringa er knytt til verdsettingsreglane for vasskraftanlegg.

Ramma for lønsvekst var i 2023 var på 5,4% og i 2024 på 5,2%. Lokalt kan det avvika frå lønsramma som følgje av endring i stillingar og individuelle forhold.

Kjøp av varer og tenester vil normalt auke med inflasjonen frå eit år til neste. I 2023 var inflasjonen på 5,5% og i 2024 3,1%. Samla kjøp av varer og tenester hadde ein liten nedgang i 2023, men er opp 8% i 2024. Storleiken på varekjøp varierer både frå månad til månad og frå år til år. Dette skuldast både endra behov og kva månad fakturaen kjem.

FORDELING PÅ KOMMUNALE TENESTEOMRÅDER (KOSTRA)

I denne tabellen syner den vanlege oppstillinga som vert nytta i budsjett, tertial- og årsrapportar. Tala syner netto tal for det einskilte tenesteområde.

Kostra Tenesteområder (MNOK)	REKN 2023/04	REKN 2024/04	REKN 2025/04	Endring 2024/04	Endring 2025/04	Endring 2024/04	Endring 2025/04
Administrasjon	22	21	23	-1	2	-5 %	8 %
Barnehagar	36	44	48	8	4	22 %	10 %
Barnevern	8	8	8	0	0	4 %	-3 %
Brann- og ulykkesvern	4	6	5	2	-2	46 %	-27 %
Bustad	1	0	0	-1	0	-104 %	-650 %
Finans og fellespostar	-226	-232	-243	-6	-11	3 %	5 %
Grunnskuleopplæring	60	70	74	10	3	18 %	5 %
Kommunal næringsforvaltning og konsesjonskraft	-41	-34	-31	7	3	-17 %	-8 %
Kommunehelse	20	18	20	-2	2	-11 %	13 %
Kultur	4	14	15	10	1	229 %	9 %
Kyrkja	2	2	3	0	0	4 %	12 %
Plansak og byggesak	3	5	3	1	-1	38 %	-29 %
Pleie og omsorg	104	112	126	8	13	8 %	12 %
Samferdsel	5	7	5	2	-2	42 %	-27 %
Sosialeteneste	12	15	15	2	1	17 %	4 %
Styring og kontrollverksemd	2	2	2	0	0	18 %	12 %
Tenester utanfor ordinært kommunalt ansvarsområde	1	1	0	0	0	-11 %	-80 %
Vatn og avlaup, avfall og renovasjon	-12	-8	-11	4	-3	-35 %	44 %
TOTALT	7	51	62	45	10	674 %	20 %

For innhaldet i dei ulike tenesteområda, sjå [Oversikt tenesteområde - Nettsider for Kvam herad](#)